

## **Emnerapport (hausten 2020)**

### **NODI101**

#### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

Studentane har fått 7 dobbeløkter undervisning av 3 ulike faglærarar. Studentane har også dette semesteret hatt KOPRA102 eller KOPRA103, men berre KOPRA103 har fått gjennomført praksisen sin i skulen pga. Covid-19. KOPRA102 vil få praksisen sin i januar. Dessutan har dei hatt tilbod om tre dobbeløkter seminar saman med to masterstudentar som går i 9. semester i lektorutdanninga.

**Strykprosent og fråfall:** Det var i alt 62 studentar på dette kullet, 23 studentar på 5. semester (nordisk som 2. fag) og 39 studentar på 3. semester (nordisk som 1. fag) I alt gjekk 61 studentar opp til skriftleg heimeeksamen frå mandag 23. november kl. 9 til tysdag 24. november kl. 16.

#### **Karakterfordeling:**

Etter sensur (men før eventuelle klager), vart karakterfordelinga slik:

A:1 ; B:19 ; C:30 ; D:7 ; E:2 ; F:2

Informasjon om studiet har studentane fått via Mitt UiB og stundom via e-post i tillegg til munnleg på forelesingane.

Studentane har mått kjøpa bøker der meir enn 15 % av boka er brukt, men elles har dei fått tilgang til tilrøadd litteratur i form av artiklar i Litteraturkiosken.

#### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Undervisninga i haust var i utgangspunktet planlagt fysisk, men etter første økt i kinosalen på Magnus Barfot, har det anten føregått i auditorium med strøyming eller på ZOOM. Det same har vore tilfelle for seminara med masterstudentane. Desse seminara vart den totale studentmassen delt i to ut frå første bokstaven i etternamnet. Det vart då ei tilfeldig blanding av studentar både frå 3. og 5. semester saman i begge gruppene.

#### **Faglærar sin kommentar til student-evalueringan(e)**

Studentane fekk sendt ut eit evalueringsskjema via student-eposten sin rett etter den siste forelesinga. Det viser seg at om lag 37% av studentane, dvs. 23 studentar har svara på denne.

**Frammøte:** Ti av studentane som har svarar at dei har følgt 100% av undervisninga, medan ni svarar 75% eller litt meir. Oppmøtet har gjennomgåande vore bra, og stundom har studentar meldt ifrå på førehand om at dei ikkje kunne koma, men det har ikkje vore så aktuelt når forelesingane etter kvart vart strøyma eller tekne opp. Også på ZOOM har det vore bra oppmøte.

**Undervisninga og organiseringa:** Seks av studentane seier seg nøgde med undervisninga, to er svært nøgde, sju er verken nøgde eller misnøgde, medan åtte svarar at dei er misnøgde. Under organisering av og informasjon om undervisninga er det sju som er nøgde, to som er svært nøgde, fem som verken er nøgde eller misnøgde, og ni som er misnøgde. Når dei vert bedne om å utdjupa noko dei er spesielt nøgde med, seier dei mellom anna:

- Diskutering og drøfting av sentrale omgrep
- Passe arbeidsmengd til 5 stp.
- Veldig bra at undervisninga har hatt eit digitalt tilbod heile semesteret
- Seminara med masterstudentane har fungert veldig bra, og dei har vore flinke
- Har likt at ZOOM er blitt brukt til dei digitale øktene og høve til diskusjon i «breakoutrooms»
- Synest at forelesingane har vore veldig gode og greitt lagt opp
- Interessant pensum

Når dei vert spurde om kva som kan gjerast betre, både når det gjeld undervisning og organisering, seier dei mellom anna:

- Ser liten samanheng mellom pensum, forelesing og seminar – ser ingen raud tråd
- Nokre opplever frustrasjon over at dei ikkje skjørnar føremålet med emnet eller kva dei skal prøvast i til eksamen – ville hatt tidlegare informasjon om eksamen
- Det vert etterlyst at undervisninga skal vera meir pensumretta
- Dei opplever at kommunikasjonen mellom faglærar og seminarleirar kunne ha vore betre
- Dei ville hatt meir fokus på korleis ein skal undervisa
- Det er for mykje pensum
- Vil ha klarare oversyn over kva som skil faget frå pedagogikk
- Dei vil at forelesingane skal bli meir aktuelle og dialogiske
- Vil heller ha semesteroppgåve enn heimeeksamen
- Ønskjer at dei to seminara med masterstudentane skal ha meir likt innhald, eller at dei hadde fått moglegheit til å melda seg på der ein er mest interessert
- Tenkjer at seminara kan delast etter om dei har nordisk som fag 1 eller fag 2

**Omfang av pensum:** Ni av studentane svarar at omfanget av pensum er for stort, medan ni meiner det er passe.

**Vanskegrad av pensum:** Ein student svarar at vanskegraden på pensum er for krevjande, medan 17 svarar at det er passe.

**Seminargruppene som vart leidde av masterstudentar:** Tre av studentane seier at dei er svært nøgde, og elleve studentar seier dei er nøgde med seminargruppene masterstudentane leidde. Tre studentar svarar at dei ikkje veit, og ein svarar svakt.

Sidan denne hausten har vore prega av Covid-19, hadde me også eit spørsmål om korleis vekslings mellom fysisk og digital undervisning har fungert. Dei fleste svarar her at det har fungert greitt, men det er også nokre som seier at dei føretrekkjer dei fysiske og at dei har fått større utbytte då. Det vert også nemnt at det har vore stressande og kaotisk.

## **Andre kommentarar:**

Det vert nemnt at emnet burde hatt ei obligatorisk oppgåve underveis i semesteret som betre hadde sikra at studentane las pensum, heng med og får prøva seg i å skriva innanfor eit nytt emne med tilbakemelding. Dei opplever at seminarleiarane har vore kjempeflinke til å hjelpe dei med å sjå samanhengen i faget og vore hyggjelege og forståingsfulle. Dei likte den fysiske oppstartsforelesinga i kinosalen. Dei synest at det har vore litt lite struktur og har ikkje heilt skjøna føremålet. Det vert også sagt at dei i større grad vil ha kjensla av at me vil dei skal lukkast.

## **Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:**

Evalueringane spriker ein del, men viser også at ein del studentar verkar frustrerte. Eksamensresultata syner likevel at dei fleste studentane har klart å «landa» til slutt og klart seg bra gjennom dette semesteret. Evalueringsskjema var sende ut ei veke før studentane skulle ha eksamen, men sjølv om me ikkje veit når dei valde å svara på evalueringa, kan det truleg forklara at mange av kommentarane går litt på frustrasjon i høve til korleis det vil bli på eksamen. Det er også verdt å hugsa på at dette fagdidaktikk-kurset er det første møtet deira med nordisk fagdidaktikk, og at det gjerne er behov for at desse studentane vert litt ekstra godt oppfølgde heile vegen.

Storleiken på pensum er regulert av emneplanen og for kurs på 5 stp. generelt og er difor ikkje større enn for andre tilsvarande emne. Det kan likevel sikkert opplevast som stort for enkelte i og med at studentane også har mange andre fag for å fylla 30 stp., at det ikkje er så mange møtepunkt, og at mykje av jobben med å koma gjennom pensum, difor fell på dei sjølve som studentar.

Kurset er eit viftekurs der dei vert introduserte for mange ulike aktuelle norskdidaktiske emne som t.d. danning, lesing, litteratur, skriving, vurdering og det fleirspråklege. Me gjer klart for dei ved semesterstart at det er slik, og at dei i seinare semester vil få meir fordjuping i fleire av emna. Når dei då gjev uttrykk for at dei ulike delane ikkje heng saman, er dette ein av grunnane til det. Me vil at dei skal få ein smakebit på at det er ulike innfallsvinklar til og emne i norskfaget både slik dei vil møta det i teorien, og slik dei vil møta det i klasserommet.

Seminara med masterstudentar viste seg også i haust å vera eit vellukka tiltak, så det vil me vidareføra. Desse møtepunkta verkar også utover faget og påverkar ei sterke profesjonskjensle mellom studentar som er i same utdanningsløpet. Seminara var i år timeplanfesta, men trass i at det både munnleg og skriftleg vart gjort tydeleg greie for kven som skulle vera på kva gruppe, og at det var friviljug å delta, er det mange studentar som brukte lang tid på å få med seg dette.

Eit tiltak som kan vera verdt å innføra på dette emnet, som er studentane sitt første møte med nordisk fagdidaktikk, er at me opprettar eit diskusjonsforum, der studentar kan møtast og utveksla spørsmål og svar om alt dei måtte lura på om faget og organiseringa av det. Emneansvarleg/faglærar bør også med jamne mellomrom då gå inn i dette diskusjonsforumet og svara på spørsmål. På den måten vil eg tru at ein vil unngå mykje av den usikkerheita og frustrasjonen som ser ut til å demma seg opp i løpet av hausten. Det verkar som at ein del studentar ikkje klarer å finna fram til den informasjonen som er lagt ut (emneplan, pensum, undervisningsplan og kunngjeringar), og då kan eit slikt forum vera ein stad dei kan møtast meir regelmessig og få oppklart det som framleis verkar uklart for dei. Terskelen for å senda

e-post til faglærar/emenansvarleg når noko er uklart, men som dei også er oppmoda til, er truleg høgare.

Eit anna tiltak som bør testast ut, er at sjølve forelesingane vert meir sokratiske og mindre monologiske. Viss studentane blir nøydde til å delta meir aktivt og stiller gode spørsmål, vert det truleg meir lærerikt for alle partar.

Ragnhild Lie Anderson, emneansvarleg hausten 2020